



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Seksjon kultur, næring og utvikling

Halvard Fausk  
Myklebustvegen 137

5464 DIMMELSVIK

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Francesca Galdiolo	48025632	2020/1085-7		15.04.2020

## Foryngingsplikt 2020 - Halvard Fausk

### **Foryngingsplikt etter hogst**

I høve til lov om skogbruk § 6 og forskrift om berekraftig skogbruk kap. 3 (§§ 6-8) har du som skogeigar plikt til å gjennomføre naudsynte tiltak for å sikre tilfredsstillande forynging innan tre år etter hogst.

### **Bakgrunn**

Fylkesmannen i Vestland har saman med Kvinnherad kommune gått gjennom registrerte data i skogfondssystemet for hogst av gran og foryngingsarbeid på din eigedom. Vi har ikkje registrert noko tilfredsstillande foryngingstiltak etter den registrerte avverkinga.

Forklaringar på dette kan være:

- Avverkinga er tynningshogst
- Arealet er lagt til rette for naturleg forynging
- Arealet er omdisponert til andre formål enn skogproduksjon
- Arealet er planta utan bruk av skogfond
- Andre alternativ som går fram frå eigenmeldingsskjema

Vi ber deg om å gi ei tilbakemelding på kvifor det ikkje er registrert foryngingstiltak etter den registrerte avverkinga.

Vær venleg og bruke vedlagte eigenmeldingsskjema til dette. Eigenmeldingsskjemaet skal returnerast innan 5. mai 2020 til Kvinnherad kommune v/skogbruksansvarleg, Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal eller med e-post til [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no).

Dersom kommunen ikkje mottek eigenmeldingsskjemaet vil forholdet bli følgt opp etter skogbrukslova sine reglar om foryngingsplikt.

**Utnytt skogfond og få skattefordelar**

Du kan finansiere planting med midlar frå skogfondkontoen din. Ved bruk av disse midlane får du ein betydeleg skattefordel.

Les meir på [www.skogfond.no](http://www.skogfond.no)

**Ønskjer du meir informasjon, ta kontakt med**

Skogbruksansvarleg i kommunen Francesca Galdiolo eller ein lokal skogbruksorganisasjon i ditt område.

Med helsing

Francesca Galdiolo  
*Saksbehandler*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*